



Glede over ny førsteplass: Silje Bråtun står i kassa og bak står Vigdis Haugland og dagleg leiar Bente Nilsen

SPAR Uskedalen har klart det igjen! Butikken på Sanden er ein av 300 på landsbasis men har for femte gong av 8 moglege gått til topps i kundeundersøkjinga som kjeden held to gongar i året. Det har vorte 2 andre plassar og ein tredjeplass.

Dagleg leiar Bente Nilsen er atter ein gong både imponert og ydmyk over resultatet som ikkje er mindre enn ein fantastisk prestasjon av ein landsens butikk. Ho hadde ikkje venta ein ny førsteplass og tek den slett ikkje for gitt, for konkurransen er knallhard.



KMH er stolt av SPAR Uskedalen og gjev uttrykk for det med orkidear

Denne gongen er scoren 5,36 av 6 og butikken scorer særleg høgt på service. Undersøkinga har rundt rekna 20 spørsmål og dei fleste av dei inneheld eit service-element. SPAR Uskedalen har no 12 fast tilsette og 2 deltidstilsette og Bente kan ikkje berømma dei sterkt nok for den jobben dei gjer.

Resultatet av undersøkinga har vekt oppsikt og beundring i bransjen og kjeden. Eit spørsmål som går att er korleis resultatet kjem fram. Svaret er at det vert delt ut skjema til TRUMF-kundar som har mailadresse.

I den runden som vart gjennomført i månadsskiftet november/desember var over 300 kundar med - 40 prosent fleire enn deltakartalet i førre runden som var like etter utbyggjinga.

150 av dei som fekk skjema svara og det er eit høgt tal også på landsbasis.

Apropos utbyggjinga vart det også gjennomført ei spesiell undersøkjing omkring den nye profilen og med eit svært positivt resultat.

- Kva betyr desse framifrå resultatata, Bente?
- Dei betyr svært mykje, for dei bekreftar at vi gjer jobben vår rett, noko som er målet kvar einaste dag.

I det vi har drista oss til å kalla Happy Corner har pepperkakesamlinga no fått avløyning av 2 lilla orkidear.

Dei kjem frå Kjøpmannshusets vestregion og kortet som følgjer med seier det meste:

PÅ TOPPEN AV PALLEN ATTER EIN GONG. VI ER STOLTE AV DERE!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen